



Toget på veg opp til Stemneplassen

**Justeringen av 17.mai-programmet og då mellom anna togruta har vore vellukka. Anslag går ut på at så mange som 500 vart med då toget for første gong gjekk frå Grana via Stemneplassen og over Dønhaug til skulen. Det kan vera rekordoppslutnad, og det var oppsiktsvekkjande då det var regn i lufta. Lukkelegvis heldt vergudane seg i tømme.**



Femteklassingane les Gausvikdiktet ved bautaen

Mange klaga over at dei ikkje hørde salutten denne gongen, men vi kan garantera at han vart detonert, like sikkert som at Røysterrett for alle sette eit sterkt preg på gudstenesta som ellers var ved vikarprest og komuneansatt Torstein Aarhun.



Røysterrett for alle song mellom amma 2 bruremarsjar av dirigenten

Ikkje minst to bruremarsjar komponert av dirigent Maria Malmsten sjølv biidrog til det. Dei heiter Vidda og Frå Herøysund til Uskedalen og særleg den siste er krevjande å framføra. Men koret gjorde det suverent ved forsøk nummer 2. Røysterrett for alle song også i Herøysund i dag men syng ikkje meir i Omvikdalen på Nasjonaldagen. Femteklassingane las som dei plar gjera det gripande Gausvik-diktet ved bautasteinen og at høgtida der starta før folk var komne ut av kyrkja var ikkje deira skyld. Eit fyldig musikklag spela i ly av grana og viste nok ein gong at dei igjen er inne i ein ny vår.

På Stemneplassen tok leiar i programnemnda Kristian Bringedal seg

sjølv av blomenedleggjinga på minnesteinen. Han mintes ikkje berre den torpederte Laurits Landa men også andre uskedelingar som har gjort teneste rundt om i verda.

Den vidare tur over Dønhaug hadde neppe noen vondt av og så kom turen til leikar og bevertning i skuleområdet før festprogrammet.

Tekst og foto.: Ola Matti Mathisen